

# Bygdabladet

for BOKN



72% av skuleeleverne speler fotball. Les meir s. 5



Ikkje nøgde med nye vegnamn  
Les meir s. 6



Kretsmeister i Trial 2006  
Les meir s. 13



Stor variasjon i leikeplasstandard  
Les meir s. 14



# RDFØRAREN RDET

## I landstoppen

Først vil eg gratulera alle med eit fantastisk fint resultat på innsamlingsaksjonen. Bokn blei nest best i Rogaland og femte best i Norge med over 112,- kr pr. innbyggjar. Dette viser at boknarane er eit raust folkeslag som bryr seg om andre. Det skal me vera stolte over.

Eg vil takke alle som var med og gjekk med bøsser, SR Bank som talde opp og ikkje minst elevar og lærarar på skulen som stelte til basar og fekk eit rekordresultat.

## Ordførarval

Kommunestyret har hatt møte og vedtatt at Bokn ikkje skal söke om å få delta i forsøk med direkte val av ordførar. Årsaka var at forsøket måtte skje på ein spesiell måte, val etter den såkalla preferansemodellen. Den inneber at me måtte stemma på to kandidatar, nr. 1 og nr. 2. Og viss ingen fekk over 50% la ein saman alle nr. 1 og nr. 2-stemmene på dei to kandidataane med flest stemmer for å kåre ordføraren.

Samtidig kom det fram i kommunestyret at i og med det som skjedde rundt nedsetting av ordførarstillingen til 50% er ikkje partia klar til å avgjere dette spørsmålet nå.

## Haugaland interkommunale miljøverk (HIM)

Kommunestyret vedtok og at Bokn blir med i Haugaland interkommunale miljøverk IKS saman med Hau gesund, Tysvær, Etne og Vindafjord. Karmøy blei ikkje med.

## Ambulerande skjenkeløyve

Kommunestyret oppretta også to ambulerande skjenkeløyve for øl og vin til lukka lag.

Det betyr at lag og organisasjonar kan arrangera t.d. årsfestar og bryllup med øl eller vin til maten.

Ny beredskapsplan til bruk ved større ulykker og katastrofar blei også vedtatt.

Får håpe me ikkje får bruk for den.

## "Kjekt på Bokn"

Under prosjektet "Kjekt på Bokn" er fleire arbeidsgrupper i gong for å komme med gode tiltak som kan gjen nomførast for å betre trivselen på Bokn.

Mange spennande tankar blir lufta og arbeidet vil munna ut i nokre prioriterte tiltak.

Det blir viktig å få satt fleire av tiltaka ut i livet snart, slik at det blir resultat av arbeidet og ein kan arbeida vidare med nye tiltak. Engasjementet er godt og det lover godt for eit vellukka arbeid som vil gjere det gode liv på Bokn betre.

Svein Ove

## Bamsens dag 2006

Linda Ognøy

Årets bamsedag 2006 vart feira på biblioteket torsdag 26.10. Born i alderen 3 – 5 år var inviterte saman med bamsen eller kosedyret sitt.

Om lag 30 stk møtte opp for å feira dagen. Dette året hadde me invitert formann i eldrerådet, Bjørg Alvestad, til å vera saman med oss. Bjørg hadde med seg bamsen sin og eventyrboka si.

Etter ei koselig eventyrstund var det tid for boller og saft, og skjøvsagt måtte me syngja fleire songar for bamse n. Bokn handelslag spanderte bamsemums og seigmenn, tusen takk.

Den internasjonale bamsedagen er 27.10. Teddy Bears Day. Dagen vert feira på Teodor "Teddy" Roosevelt sin fødseldag. Etter ei bjørnejakt der presidenten vegra seg for å skyta ein bjørn, blei leketøysbjørnar kalla for Teddyybjørnar.

På svensk kallar dei bamsen for nalle.

### Sagt om bamsen:

"Även om det finns en reva i din nalle så kommer inte dess kärlek att rinna ut"

Gigliotti



Bjørg Alvestad med born i alderen 3-5 år.

Her er eit lite nalledikt - diktet er av **Carin Wirsén**

En liten nalle måste ha  
åtta kramar varje dag  
fyra pussar och en slurk  
honung ur sin honungsbuk

En liten nalle måste sova  
många timmar vill jag lova  
annars blir han mycket trött  
godnatt, godnatt och sov så sött!

# Fantastisk resultat!

Jardar Havikbotn



I samband med årets TV-aksjon blei det sett heile fire lokale rekordar.

17.10 løvde Formannskapet kr. 10.000 til aksjonen.

20.10 kom det inn kr. 15.668 på skulebasaren.

22.10 var det 19 bøssebærarar ute i bygda.

22.10 var det til saman kr. 51.966 i bøssene.

Det kommunale bidraget til TV-aksjonar har i mange år no vore kr. 8.000, men Formannskapet var i takt med folketrua då dei i år sette beløpet kr. 2.000 høgare. Fleire venta nemleg at Leger Uten Grenser ville få inn eit stort beløp. Og jammen blei det ikkje landsrekord også, med over 192 mill. Den forrige var 177 mill. i 1997 (Krafttak mot kreft).

Medan den forrige rekorden på skulebasaren berre var kr. 178 lågare blei den forrige bøsserekorden slått temmeleg grundig. I 1995 blei det samla inn kr. 37.818 til Frelsesarméen, og det vil vel gå nokre år før den nye bøsserekorden på nesten kr. 52.000 blir slått.

## Bokn i landstoppen

Gøy var det, og då kvelden var over, etter at NRK endeleg hadde klart å få registrert inn skulebasaren på Bokn sitt resultat, lå kommunen på ein femteplass over landets mest gavmilde kommunar med kr. 112 pr. innbyggjar!

Sidan skulebasarane begynte i 2003 har Bokn nemleg vore i landstoppen i TV-aksjonssamanhang.

Det gleda også oss i kommunekomitéen at det var så stor respons omkring bøssebærarjobben. Etablerte



**FORTENT KAKE OG KAFFI ETTER INNSAMLINGA:** Fv. Edvin Øvrebø, Ingrid Ovidth, Ellen Nedrebø, Ingebjørg Alvestad, Svein Ove Alvestad og Marie Vågshaug.

innsamlarar frå Bokn sanitetsforening og Bokn røde kors fekk i år selskap av representantar frå Bokn mållag, Bokn bedehus, Bokn båtforening og Bokn vevstove. Dei 19 personane sørga for at alle husstandar i Bokn blei besøkt på rekordtid.

Boknarane kan vera stolte av å vera blant dei flinkaste i landet i givarglede!

Ordførar Svein Ove Alvestad og underteikna i kommunekomitéen vil uttrykka ein stor takk til bøssebærarane samt til SR-bank Bokn for sikker handtering og organisering av pengane samt sosialt samkvem med kake og kaffi.

**Stor takk til alle i Bokn som støtta TV-aksjonen 2006!**

## Hummardikt av 4. klassingar (sjå også s. 12 og 17)

Eg har ei knuse klo  
som skaper litt vel mye blo.  
Eg har ei sakseklo som eg fakse med.  
I pausen tar eg meg ein laks .  
Eg blir nesten fanga av teina  
Men så ser eg ei dør mot sør.  
Kvar gong eg blir tør så tar eg meg  
ei skive med smør.  
**(Faltin og Joar)**

Eg er ein hummar  
med lommar.  
Godt det e sommar  
for då finner eg  
någe i mine lommar.  
**(Julie)**

Her komme eg fisk og knuse deg  
med knuse kloa mi  
og lukta råten fisk.  
Eg går i teina og klyper meg ut,  
og e glad.  
**(Christopher)**

# Bygdeutvikling i fokus

Reidar Alvestad

## - Det er utrøleg flotte areal på Bokn for utvikling, og nok av kjøparar.

Dette sa Per Berge frå Berge Sag & Trelast i Ølensvåg på Bokn Næringsforum sitt møte på idrettslaget sitt klubbhus den 23.oktober, der han var ein av tre foredragshaldarar. Dei to andre som hadde innlegg om næringsutvikling og stabilisering av folketal i distrikta var Harald Løland frå Sauda Vekst og Lars Helgeland frå Merkur.

### Aktive Ølensvåg

Det Per Berge meinte om fine areal på Bokn, var nok tomter for hytteprosjekt og ulike typar bustader. Han orienterte også om utviklinga i Ølensvåg i Vindafjord kommune kor han har si bedrift. Ølensvåg er ei bygd omrent med same folketal som Bokn. Næringsutviklinga der har blomstra i mange år. Det større problemet er å få tak i kvalifisert arbeidskraft.

Mange ulike bedriftstyper er lokaliserte til dette området. Frå dei ganske små til den store Westcon som i periodar har over 1000 arbeidarar når dei innleigde er inkludert.

Også Ølen Betong, Berge Sag og Trelast og Omega konsulentfirma er rimeleg store, sistnemnde med utsleie av te-nester til oljebransjen.

Det normale tal fast tilsette i bedriftene i Ølensvåg ligg på rundt 1000. I tillegg kjem innleigde folk som kan variera i storleik rundt 400–1000. Omsetjinga i denne næringsverksenda ligg omrent på 1,7–1,8 milliardar kroner. Overskotet var 140 millionar kroner før skatt.

### Knytta til nærmiljøet

Per Berge meiner det er ein styrke at bedriftene har sterke forankring i nærmiljøet. Ei slik lokal tilknyting gir meir stabilitet. Når bedriftene er eigde av utanforståande har dei ikkje dei same bindingane til lokalmiljøet. Som eigarar av lokale bedrifter, er ein ofte veldig interessert i trivsel og utvikling av lokalmiljøet.



**Per Berge frå Ølen Sag & Trelast har gjort ein stor innsats for trivsel og aktivitet i Ølensvåg. Her gir han gode råd til Bokn.**

Så er det skule, barnehage og butikk som folket i Ølensvåg har stått på for å få og utvikla vidare. Dette meiner Per Berge er ein forutsetnad for ei levande bygd. I Ølensvåg har dei barneskule for trinna 1–7, og skal få ny 3-trinns barnehage i 2007.

For nokre år sidan fekk dei ein Kiwi-butikk som i dag omset for rundt 30 millionar kroner. I same område har dei også ein bensinstasjon som også er ein treffplass for ungdom.

Per Berge meiner også at det å ha varierte tomtetilbod også er viktig for ei utvikling og stabilisering av næringsliv og folketal. Også utsleiebustader er gode å ha for dei som ynskjer det. I tillegg må det vera kultur-tilbod som musikk, idrettsanlegg mv. i rimeleg nær avstand til bustadområda. Det gjeld også dei mest brukte helsetenene.

### Aktivitet skapar aktivitet

Per Berge var svært interessant å høyra på. Både fordi han kjem frå eit område som har fått til noko framtid-retta, og fordi han sjølv har vore aktiv i denne utviklinga, og sit med ei praktisk erfaring om korleis ein kan gå fram for å lykkast.

Om politikarar og administrasjon i ein kommune meinte han at dei måtte vera aktive, engasjerte og løysings-orienterte. Særleg gjeld dette dei øverste politiske og administrative leiarane som har med utvikling og tilrettelegging i kommunen å gjera. Per Berge meinte at Bygningslova var eit verktøy som kunne brukast anten for å få til ting, eller til å stoppa utvikling. Elles meinte han at det også var viktig at kommunen hadde personar som kunne hjelpe dei som starta opp med ny næring. Det er ikkje nødvendigvis alltid økonomisk støtte som trengs, men meir moralsk oppbakning

Dei fleste i Ølensvåg har starta i det små og har jobba seg opp og fram. Dette gir miljø for etablering, initiativ og dugnadsånd. Alt er ikkje kome på ein gong.

### Sauda Vekst

Harald Løland frå organisasjonen Sauda Vekst hadde ei innlei-ing kor han viste kor ulike forhold det var i Sauda i høve til Bokn og Ølensvåg. Sauda har hatt ein markert folketalsnedgang dei seinare åra frå over 6000 til 4800, noko som gir dårlig framtidstru.

Men dei siste åra har det kome meir optimisme i Sauda-samfunnet ved at det har blitt stor aktivitet innafor vintersportaktivitet med utbygging av nye sports- og fritidsområde, nye hytteområde og annan aktivitet tilknytta fritid.

Dette gir nye arbeidsplassar og aktivitet. Den store hjørne-steinsbedrifta i Sauda er Eramet, som har skilt ut nokre nye område av sin aktivitet. Eramet har rundt 300 arbeidsplasser. I Sauda Vekst har dei sett at fleire forutsetnader bør vera til stades for å lykkast i utvikling av eit lokalsamfunn, ma. at utvikling må koma "innanfrå" og ha utgangspunkt i naturgjevne fortrinn og ressursar.

Harald Løland har vore leiar for Sauda Vekst frå 2001. I prosjektet er det deltagarar både frå kommunen og næringslivet. Ein har erkjent at kunnskap er basis for utvikling og innovasjon. Det må også vera tilgang på kapital og leggast vekt på nettverksbygging til alle typer samarbeidspartnarar både privat og offentleg. Det må også vera ein langsiktig plan over prosjekta.

Vidare ser dei kommunikasjon som ein viktig forut-setning for vidare utvikling. For Sauda vil det vera viktig med ny veg til Etne og bru over Sands-fjorden. Rv.13 får status som Nasjonal turistveg, noko som blir viktig for turist-næringa i Sauda.

### Skule og butikk

Lars Helgeland frå Merkur-programmet som er i regi av kommunal- og regionaldepartementet, arbeider med utvikling av nærbutikken som eit distriktpolitisk virkemiddel. Dei har 600 butikkar i landet som medlemmer. Coop Bokn er også medlem. Utgangspunktet er

at skule og butikk i nærmiljøet er livsviktige faktorar for leve-dyktige bygder.

Når det gjeld butikkar, så vert det på landsbasis nedlagt rundt 100 pr. år. Også på Bokn var det for nokre år sidan 3 butikkar. Til dette kommenterer Lars Helgeland at det er betre å ha ein god butikk enn tre små. Då vil ein som fylge av større omsetnad kunna ha betre utval. For i det heile å kunna driva ein butikk og leva av det, måtte ein ha minimum 150 hus-standar, pluss tilleggstenester som t.d. post i butikk, tipping mv.

Lars Helgeland meinte at butikken også er ein av dei få sosiale møtestadene som nå er att i bygdene for uformelle treff og samtalar. Tidlegare hadde ein mange slike møtestader, som t.d. kaien og ferja.

Som eit apropos til dette, meinte han det var viktig at butikk-kansvarlege for den einaste butikken i Bokn var observant på dette, og la til rette for eit par småbord og stolar for at folk kunne setja seg ned for å ta ein drøs. Også utvendig og i nærområdet til butikken kan ein benk her og der vera nødvendig å ha.

Vidare vart det hevda frå Ølensvåg at det var viktig for butikk og bensinstasjon at dei låg ved ein hovudveg, og at mykje av omsetninga skreiv seg frå folk som kjørte langs denne vegen. Bokn burde kanskje også hatt butikken og bensinstasjonen ved E39 ved Knarholmen med enkel på- og avgjøring for å dobla omsetjinga. Andre meinte at ein god marina med rimeleg drivstoff saman med andre fasilitetar for båtfolket også

ville kunna gi gode omsetningstal.

### Offentleg planverk - til nytte?

Etter innleiingane var det fleire som hadde spørsmål og kommentarar. Johannes Nilssen meinte at det offentlege planverket ofte kunne verka motsatt av det som var tenkt, og vera ein hemsko for ei god utvikling. Det var også snakk om at fylkesmann og fylkes-kommune kunne vera vanskelege å få med på ei god utvikling ved at dei sette begrensningar for utviklinga.

Per Berge meinte at politikarar generelt var lite engasjerte i saker om næringsutvikling. Osmund Våga meinte at det i det politiske miljøet måtte vera vilje til å få til noko. Harald Løland frå Sauda Vekst sa at dei i Sauda hadde sett kor viktig det var å få flest muleg med "på laget" når det gjaldt ei positiv utvikling.

Per Berge viste til ulike prosjekt dei hadde drive i Ølensvåg og andre stader når det gjaldt å behalda skule og få ny barnehage, pluss utvikling av nye arbeidsplassar og busetnad. Tidene endrar seg. Det er vanskeleg å stoppa ei positiv utvikling når det først er kome i gong. Eit godt miljø for etablering og positiv utvikling er bra, og aktivitet skapar meir aktivitet.

I underkant av 20 personar hadde funne vegen til temakilden, men det er sikkert nok om teorien og forslaga kan omsetjast i praksis også her i Bokn.

## 72% av skulelevane spelar fotball

### Fotball har stor prioritet på Bokn, både blant dei unge og i Bokn Idrettslag (BIL).

- Ja, det er flott at me kan halda høg fokus på fotball, seier formann Per Helge Sunde til Bygdabladet, som 25. okt. delte ut ikkje mindre enn 87 flotte statuettar under fotballsesongavslutninga 2006.

Det er ny rekord, og med tanke på at skulen har 121 elevar er det ikkje mange, om nokon kommunar i det heile tatt, som kan konkurrera med Bokn her.

### Står ikkje på pengane

Tidlegare i år blei det kjøpt inn fotballmål av typen mini, med tanke på å tilrettelegga for femmerfotball. Fleire av BIL sine fem guttelag og tre jentelag har også fått nye draktar i år, og i haust har medlemmer også fått kjøpt rimelege overtrekksdressar, som BIL har sponsa over halvparten på.

- Det er viktig å føla samhold og identitet, skyt Per Helge inn, som innleiingsvis på fotballlavslutninga oppfordra folk til å ta kontakt for å gjera ein innsats i samband med fotballaktiviteten. **Foran neste sesong er det t.d. to jentelag som ikkje har trenar.**

- Alle har i utgangspunktet mykje å gjera. Her er det snakk om prioritering, og alle kan i alle fall vera oppmenn. Per Helge skjønar godt at ikkje alle føler seg



**Formann i Bokn idrettslag, Per Helge Sunde, takka trenarar og oppmenn for god innsats i sesongen 2006.**

kompetente til å vera trenarar.

### Aktivitetsleiarkurs

Kommunen kan gi BIL kulturmidlar dersom dei sender folk på kurs. Fotballkretsen arrangerer t.d. Aktivitetsleiarkurs. I barnefotball treng ikkje trenaren nødvendigvis vera dyktig i fotball, men han skal vera ein god aktivitetsleiari.

**Per Helge håpar folk melder seg slik at ein også neste sesong kan halda høg fokus på det populære ballspelet. Folk kan ringa han på 52 74 86 33 - 95 84 07 46.**

# Ikkje nøgde med nye vegnamn

Reidar Alvestad

**Fleire har vendt seg til kommunen og klagat over systemet med dei nye vegnamna i kommunen.**

Ved at vegnamn som tidlegare var vedtekne nå skal ut av bruk, meiner fleire at dette er ei ut-radering av gamle hevdvunne stadnamn som nå har foregått.

## Dagslandsvegen

Vidar Grønnestad er ein av dei som er skikkeleg irritert på den endringa som har foregått. Han har til nyleg budd i Dagslands-vegen. Nå bur han i Lodavegen 287, noko han er lite begjistra for.

- Hadde eg hatt huset mitt nede ved vegkrysset med fylkesvegen, kunne eg ennå forstått det, seier Vidar til Bygdabladet.

Mor hans, Anna, har også liten sans for adresseendringa. Ho meiner at dette kan føra til at Dagslandsnamnet blir mindre brukt, og ho ville helst hatt det i adressa si.

- Det er eit gammalt stadnamn som har eksistert i generasjonar, fortel ho, og viser til at dette står omtala i Bokn si bygdabok. Både Vidar og Anna har bestemt seg for å bruka Dagslandsnamnet når dei oppgir postadressa si, for å halda det i hevd.

## Forsvinn stadnamna?

Også frå fleire andre bygdelag rundt i kommunen er det kome mishagsytringar over endringa av vegnamn. Til dømes heiter det ikkje lenger Ørvabøvågen i postadressa, men Kro-vegen. På Håland er postadressa Lodavegen. Garden til Trygve Alvestad ved Hallvardskrossen har postadresse Grønnestadvegen 1.

Mange meiner at dei nye postadressene fører til at dei tradisjonelle og mest brukte stadnamna blir svekka ved at nye postadresser blir tatt i bruk. Det vart for få år sidan vedtatt vegnamn for heile Bokn kor dei tradisjonelle stadnamna var tatt i bruk, noko dei fleste var godt nøgde med. Nye vegskilt vart også sett opp av kommunen. Nå må mange skilt takast ned, og nye setjast opp att.

## Lettare å finna fram?

I saka om nye vegnamn blir det hevda at det nye systemet skal gjera det lettare for dei som skal finna fram, slik som postvesen, ambulanse, brann, budfirma og andre. Helsevesenet i Bokn seier at det med dei nye adressene er vanskeligare å finna fram, særleg når dei berre har postadressa å halda seg til. Når det gjeld andre utrykningskjøretøy som politi og sjukebil som kjem frå byen, har dei digitale kart som uansett vil kunna hjelpe dei fram til den adressa dei skal til.

## Grunngjeving for endringa

Det er Statens kartverk som har kome med fagleg råd om at ein generelt bør kutta ut eigne vegnamn på vegar med mindre enn 10 einingar som skal adresseras. Dette er altså for å gjera det lettare å finna fram, og unngå ein jungel av tilvisingsskilt på hovudvegane.

## Stadnamn er kulturhistorie

Vidar Grønnestad synest det er synd at mange stadnamn med det nye adressesystemet blir tatt ut av bruk. Generelt



**Dagsland. Litt av Vatnalandsvatnet i sør.**



**Grønnestadvegen 671 på Grønnestad har fått nummerskiltet på veggen.**

sett blir folk flest oppmuntra til å halda stadnamna i hevd. Vidar seier han har snakka med mange som er opprørte over endringa av det nye adressesystemet.

Sjølv er han meir enn opprørt. Han føler at namnet på bygda han bur i er sletta. Han meiner at elles er det svært nøyne med at grunneigarar ikkje får gjera noko på ein gard når det gjeld synlege kulturminner. Når det gjeld kulturminner som stadnamn, er det visst andre reglar.

Anna seier at ho er "vonbroten og djupt såra" over namneskiftet. Begge meiner at endringa skjedde så raskt at folk ikkje forsto kva som var i ferd med å skje. Rett nok var det høve til å klaga, og det vart vel gjort av enkelte. Dei

meiner det burde vore ei høyring i forkant over ei så viktig endring. Stadnamna har ofte ein bakgrunn som forklarar kvifor akkurat denne staden har dette namnet. Det kan vera på bakgrunn av naturformasjonar, namn eller andre forklaringar.

Dei hadde begge håpo at dette kunne gjerast på ein måte som folk var meir nøgde med. Gode stadnamn var alt i bruk og skilta på vegstrekningane. Det er vel aldri for seint å vurdera saka på ny, så lenge det ikkje er noko lov som pålegg kommunen å endra adressene slik det er gjort?

**I Dagslandskrossen står ennå dei forholdsvis nye skilta "Vatnlandsvegen" og "Dagslandsvegen" som skal bort. Skiltet med "Dagsland 0,6" skal vel stå vidare.**



Kultur

Politikk

Lokalt



## Klar for ny norgespremiére!



**Fredag 10. november skjer det igjen i Auditoriet!**

**Forrige gong Bokn fekk norgespremiére på kino var 10. februar i år med "Olsenbanden jr. på Cirkus".**

Denne gong er det klart for årets barnefilm, "Boog & Elliot - gutta på skauen".

### Filmweb.no skriv dette om filmen:

Boog har en fantastisk tilværelse. I den fredelige byen Timberline nyter den vennlige grizzlybjørnen det gode liv med surrogatmoren Beth, den snille skogvokteren som reddet ham som liten bjørnunge.

Boog setter dessuten stor pris på frynsegodene det gir å være sjernen i Beths naturshow i byens amfiteater; og i Beths ombygde garasje koser Boog seg med sine yndlingsprogrammer på TV, åtte daglige måltider, og om natten ligger han og sover i en stor og myk seng sammen med kosebjørnen sin, Dinkelman.

Jepp, Boog har det perfekte liv - inntil Elliot dukker opp.

### Dataanimasjon

"Boog & Elliot - gutta på skauen" er den første heluftens dataanimerte spillefilmen fra det nye selskapet Sony Pictures Animation, en film som garantert vil gi etablerte selskaper som Pixar og Dreamworks knallhard konkurranse.

Blant annet Sven Nordin og Åsleik Engemark gir norske stemmer i den dubbede versjonen.

### Forhåndssal av billettar

For å unngå stress og mas og billettkø i samband med filmen, blir det sannsynlegvis forhåndssal av billettar, slik som i februar.

Følg med når kinoplakatane kjem opp, eller på bygdabladet.no

**Den andre filmen 10.11 er Click (11 år).**

**I Click møter vi den fremadstormende arkitekten Michael som får fatt i en fjernkontroll som ikke bare lar ham styre TVen og stereoanlegget, men så å si hele livet sitt.**



Høres det for godt ut til å være sant? Det er det, for det tar ikke lang tid før den teknologisk sofistikerte innretningen kontrollerer Michael på måter han aldri hadde kunnet forestille seg...



**Bildet viser starten på køa under norgespremiera i februar.**

**Folk blir oppfordra til å vera tidleg ute, m.a. for å nyta premierekaka!**



# Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 8 1986

## Bokn har fått kommunevåpen

Det tok 4 år frå formannskapet i 1982 ba kulturstyret ta opp ska om kommunevåpen for Bokn, til våpenet vart godkjent i statsråd den 8. august 1986.

Det er ikkje uvanleg at slike saker dreg ut i tid. Grunnen til dette er fleire. Ofte skal det utlysast tevlingar om å teikna utkast til motiv for våpen. Dette skal så til gjennomsyn og vurdering av ein jury. Det stillest også visse krav for at eit motiv til kommunevåpen kan godkjennast. M.a. krev Riksarkivet at det ikkje skal vera meir enn eitt motiv i våpenet. På den måten kan det bli mykje fram og tilbake før ein endeleg kan ha eit motiv som endeleg kan godkjennast og brukast som kommunevåpen.

Ordlyen frå kommunal- og arbeidsdepartementet ved oversending av godkjent kommunevåpen var slik:

Vedtak av Bokn kommunestyre den 24. september

1985 om våpen og flagg for kommunen vart godkjent.

Bokn kommunes våpen skal vera: På blå grunn seks sølvmyntar, 1-2-3.

Bokn kommunes flagg skal vera: På blå grunn seks kvite myntar, 1-2-3.

I det foredraget som ligg til grunn for resolusjonen, er det teke inn ei fråsegn frå Riksarkivaren der det m.a. heiter:

Det våpenet som Bokn kommunestyre har vedteke er eit heraldisk korrekt våpen. Så vidt ein kan sjå vil det ikkje krenkja rettane til andre våpeneigarar som ein må ta omsyn til.

Riksarkivet kan derfor rá til at våpenet vert stadfest som kongeleg resolusjon. Våpenet er teikna av Alf Axelsen ved Dreyer Bok.

Det som nå vil skje, er at kommunevåpenet om ei tid vil bli trykt på alle kommunen sine nye brevpapir, konvoluttar o.l. Det er også vanlegvis på ei rekkje andre område kor kommunevåpenet blir nytta som eit kjenneteikn og symbol for kommunen. Det kan vera flagg, stempel, skilt ved innfartsvegar osv.

## Frå formannskapsmøtene 12.09. og 17.10

Sak 065/06

**Deltakelse i cruiseprosjektet Viking Voyages – andmodning om delfinansiering.**

**Formannskapet vedtok:**

1. Bokn kommune løyer 5.500 kroner til delfinansiering av cruise-prosjektet Viking Voyages under føresetnad:
  - Bokn kommune står fritt til å vurdere kommunen sitt vidare ressursmessige engasjement i prosjektet ( økonomisk og personellmessig).
  - Løyvinga gjøres under føresetnad av at eigar kommunane saman fullfinansierer prosjektet i samsvar med intensjonen.
2. Løyvinga skal finansierast ved overføring av midlar frå avsett til tilleggsløyvingar.

Sak 066/06

**Tilleggsbevilgning 17. mai 2006.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet tar regnskapet for 17-mai feiringen 2006 til etterretning og tilleggsbevilger kr 7174,-

Sak 067/06

**Hognaland kai m/vei – eiendomsforhold.**

**Formannskapet vedtok:**

Hognaland kai med tilhørende veg skal opprettholdes som kommunale anlegg.

Rådmannen får fullmakt til å forhandle fram avtale mellom kommunen og grunneigarane om grenser og grunnerstatning. Avtalen skal leggjast fram for formannskapet til godkjennning.

Sak 068/06

**Brygge/kai med veg – Ablavika – eiendomsforhold og rettigheter.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet opprettholder den offentlige statusen for kai m/tilhørende veg ved Ablavika.

Grunn til veg og kai skal fradeles og overføres vederlagsfritt til kommunen.

Bokn kommune belastes alle kostnader med oppmåling og overdragelse.

Sak 069/06

**Kai på Ognøy – eiendomsforhold og rettigheter.**

**Formannskapet vedtok:**

Kai med tilhørende atkomstveg fra E39 på Ognøy opprettholdes som offentlig anlegg.

Grunn til kai og veg skal fradeles og overføres vederlagsfritt til kommunen.

Bokn kommune belastes alle kostnader med oppmåling og overdragelse.

Sak 070/06

**Legetenesta i Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:**

1. Bokn formannskap vedtek å søkja om ein heil legeheimel til Bokn kommune.
2. Rådmannen får fullmakt til å lysa ut og forhandle fram eit utkast til legeavtale.
3. Avtalen legges fram for formannskapet til godkjennning
4. Rådmannen får fullmakt til å forhandla fram avtale med andre samarbeidspartnerar om bruk/deling av legestillinga.

Sak 071/09

**Tilleggsbevilgning til utarbeidelse av reguleringsplanar.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet godkjenner tilleggsbevilgning for utarbeidelse av byggesesplan for Alvestadkroken fiskerihavn, med kr. 70.000,- Beløpet finansieres fra tjeneste 1000, ansvar 120 og art 1490 (reserve til tilleggsbevilgninger)

Sak 075/06

**Orienteringssak – gatenavn og husnr. i Bokn kommune.**

Formannskapet tok saka til etterretning.

**17. oktober:**

Sak 085/06 **TV-aksjonen "leger uten grenser"**

**Formannskapet sitt vedtok:**

Bokn kommune gir kr 10.000,- til TV-aksjonen 2006.

Sak 086/06 **Oppsetting av nye vegskilt – finansiering.**

**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet godkjenner at det oppsettes nye vegskilt og henvisningsskilt for gjennomføring av adressetildelingen i Bokn.

Utgiftene på kr.73.000,- inkl. moms, finansieres ved bruk av udisponert momsrefusjon fra vannledningsprosjekt på Austre Bokn, Kro.

# 70 på fest for eldre

Reidar Alvestad

**Jakob Sande sitt liv og forfattarskap var hovedtema på eldrefesten som vart arrangert av Bokn eldreråd og Bokn pensjonistforening den 28. september.**

## Tradisjonell fest

Eldrefesten vart halden omkring tida til den internasjonale eldredagen som er den 1. oktober. Dette er blitt ein tradisjon også i Bokn. Mange kommunar markerar denne dagen med større arrangement på denne tida, nokre med fleire typer arrangement. I Bokn har tradisjonen vore denne årlege festen.



**70 eldre benka til fest.**

I år var tema Jakob Sande sitt liv og dikting i ord og tonar. Det var Rolf Wenneck frå Haugesund som kåserte om forfattaren sitt liv og forfattarskap, som spenner frå dikt til viser og songar, naturskildringar m.v. Det er eit stort spenn i Jacob Sande sitt forfattarskap, t.d. når det gjeld det han har utgitt av songar. Det varierar frå den friske "Hestehandlarar" (som også vart framført av Songtrioen), til den vare og milde "Det lyser i stille grender".

## Songtrioen

Ved dette høvet var songtrioen berre to, men Venevil og Oddrun hadde likevel flotte framføringer av eit

knippe av Jacob Sande sine songar og viser. Som vanleg var det gjort eit solid forarbeid og innøving av dei ulike songane som vart flott framført. Det ga eit fint bilde av Jakob Sande sitt breie forfattarskap.

## Ordførar og prest

Medlem av eldrerådet Sigurd Johnny Svendsen leia festen, og det var helsingar både frå ordførar og sokneprest. Ordføraren la vekt på det viktige med å ha sosialt felleskap både når det gjeld det uformelle og dei meir planlagde som eldrefesten og andre faste møteplassar. Det gjeld både for eiga aldersgruppe og

dette med fleire generasjoner i lag. Også dei eldre må vera med å bidra til at Bokn skal vera ein god stad å bu.

Soknepresten tala også over temaet fellesskap og det å høyra saman med andre.

## Mat og drøs

Det er viktig at det blir tid til ein drøs med andre på ein slik kveld. Ved middagsmåltidet var det godt høve til dette, og etter at kaffi og kake var servert, vart det åresalg og utloddning i ettertid.

Rundt 70 festdeltakarar kan ein vel rekna som godt frammøte.

## Godt nøgde med skulelevar

Reidar Alvestad

**Bokn kommune har hatt gode tilbakemeldingar frå fleire arbeidsgjevarar når det gjeld skulelevar som var i sommarjobb i ei eller to veker sommaren 2006.**

I alt 19 elevar var i arbeid. 9 av desse arbeidde 2 veker, og resten i ei veke. Dei 9 som arbeidde i 2 veker gjekk i 10. klasse og grunnkurs i vidaregåande skule. Det viser at mange av dei andre eldste elevane ordnar seg sommarjobb på eiga hand, og treng ikkje bistand frå den kommunale ordninga. Desse arbeider nok også lengre tid av ferien

enn berre ei til to veker. Tilbodet om ei veke sommarjobb var til 9. klassingane, då det ikkje var midlar nok til to veker for alle 3 kulla.

## Skriftleg tilbakemelding

Frå ein av dei private arbeidsgjevarane har kommunen fått skriftleg tilbakemelding kor dei to elevane som var utplassert hos vedkommende fekk svært positiv omtale, og arbeidsgjevaren håpar på at ordninga held fram neste år.

Også frå andre har det kome positive tilbakemeldingar.

Likevel skal me ikkje underslå at det også skjer at det frå nokre arbeidsplassar blir sagt at dei gjer dette for å hjelpe ungdommane, og at ungdommane treng trening og modning for å forstå kva krav som vert stilt i arbeids-

livet. Dette er også normalt. Ein kan ikkje forventa at alle er på same nivå. Det er den første skikkelege kontakten med arbeidslivet for mange. Det har også hendt at ungdommar har fått anna arbeid enn det dei hadde forventa, og av den grunn ikkje er nøgde med utplasseringa. Men hovudintrykket er positivt.

Nettoutgifta for kommunen i 2006 for dette tiltaket er på knapt 92.000 kroner. Brutto er det gått ut vel 120.000 kroner i løn inkludert arbeidsgjevaravgift og feriepengar. Ved at private arbeidsgjevarar er med på ei halvering av lønsutgiftene, hadde kommunen ei inntekt på over 28.000 kroner, slik at ein endar opp på omtrent den budsjetterte utgifta på vel 91.000 kroner.

# Vandalar på besøk

Jardar Havikbotn

## Den nye ballveggen på austsida av skulen må byggast opp igjen frå byrjinga.

Under dansen på skulen laurdag 30. september klarte gjester utanbygds frå å laga kvalm ved å gå laus på ting rundt bygget. Verst gjekk det ut over den nyoppsette ballveggen, som er ein del av Foresvik nærmiljøanlegg. Her har dei sannsynlegvis klart å brekka ned deler av vegg med spark og muskelkraft.

- Me hørde eit fælt brak, ikkje mange minuttane etter at me hadde vore der borte og sjekka, fortel Annstein Vik, ein av 10 vakter som fekk det svært travelt siste del av dansen. Han trur ikkje det var tilfeldig at vegg gjekk i bakken mellom vaktrundane.

Politiet blei kontakta, men då dei kom ei stund etterpå var vandalene i 20-åra dratt frå Bokn.

### Stille og roleg

Styremedlem i Bokn IL, Atle Jøsang, seier til Bygdabladet at alt gjekk stille og roleg for seg blant ca. 60 boknanar før dei markeringslystne gjestene dukka opp.

- Det gjekk ikkje lang tid før dei prøvde å riva opp vippa på leikeplassen, seier Atle, som tidleg skjøna at ein del av bussgjestene berre kom for å gjera hærverk.

- Me gjekk vaktrundar rundt bygget, det kan eg ikkje hugsa har vore nødvendig før, skyt Jan Kristian Jøsang inn.

På sørsla forsøkte nemleg gjengen å ta knekken på flaggstanga og gjerdet. Trappa opp til fotballbanen blei ruska opp og eit bordtennisbord blei slengt bortover.

På vestsida blei innhaldet i ein blomsterkasse strødd utover, og jammen måtte ikkje nokon også jagast frå barnehagen.

### Politianmeldt

Formann i Bokn IL, Per Helge Sunde, opplyser at forholdet blir politianmeldt. Han er også opptatt av at ballveggen blir bygd opp igjen slik han var.

Akkurat det skal me nok få til. Modulane i byggesettet er i behandla malmfuru og dermed robuste og sterke, og dei øydelagde materiala kan bestillast på nyt.

Det er viktig å markera overfor dei ansvarlege at Bokn ikkje er ein "friplace" der folk kan komma å øydelegga trivselsfremma tiltak, i dette tilfelle både eit dansearrangement og leikeapparat for barn og unge.

Atle Jøsang reknar med at eit foreløpig overskot blir snudd til underskot etter at ballveggen er fiksa, og at Idrettslaget har arrangert sin siste dans på skulen.



**TO DAGAR ETTER:** Vandalene har sannsynlegvis klart å brekka ned deler av vegg med spark og muskelkraft. Her har Bokn IL rydda og sikra restene for skuleungar.



**KREFTER:** Store skruar blei opprivne og jern bøygde då ballveggen gjekk i bakken.

# Gjorde opp for seg

Jardar Havikbotn

## Dei ansvarlege for hærverket på ballveggen ved skulen var med og reiste veggjen igjen.

Etter oppfordring frå styreleiar i Bokn idrettslag, Per Helge Sunde, troppa gjengen opp på plassen ei veke etter dansen for å vera med på dugnad. Det hadde nemleg vist seg at ingen av byggmodulane var skada slik at det måtte bestillast nye.

Rektor Ingjerd Ellingsen gav instruksar og veggjen kom opp igjen i løpet av laurdagen. Atle Jøsang og Per Helge sørga også for at veggane på målsidene blei monterte, slik at ungane på måndags morgon fekk sjå at ballveggen var kome lenger enn det han var før hærverket.

Frans Gisle Hansen ved Lensmannskontoret i Tysvær fortel til Bygdabladet at han har notert seg alle namna, og at saka er opp og avgjort i og med at dei gjorde opp for seg. Per Helge stadfestar no i etterkant at forholdet ikkje vil bli anmeldt.

Det heile endte med eit økonomisk overskot for Idrettslaget, men ifølgje Per Helge og Atle har hendinga gått ut over nattesovnen og medførte ein del unødvendige arbeidstimer.

### Leikeplassen

På ballveggen gjenstår noko meir fester og støtter her og der samt montering for basketball. Og når terrengutsjebanen blir montert og det blir påført litt maling enkelte plasser, skulle det vera klart for å begynna med aktivitetsjungelen og hinderløypa i skogsterrenget på austsida.

Foresvik nærmiljøanlegg blir bygd sakte, men sikkert, får ein sei. Det går i alle fall sakte med slike hendingar. La oss håpa at alt det nye som kjem framover får vera i fred.



**Veggen kom opp igjen ei veke etter dansen.**

## Kommunenytt

# Slutt for kantina

Jardar Havikbotn

### **Bygdabladet var med då kantina på Boknatun var open for siste gong.**

Kvar tysdag og fredag kl. 11.00 - 12.30 har kommunalt tilsette hatt eit kantinetilbod. Det har stort sett vore folk frå 1. og 2. etasje på Boknatun som har nyttet seg av dette, men også personar frå barnehagen og skulen har vore innom. I tillegg har gjester og andre besøkande hatt høve til å få seg lunsj.

Opp gjennom åra har ulike nemnder og utval bevisst hatt møtene sine på tysdagar eller fredagar, slik at dei fekk kunne ha matpausen i kantina i Allrommet. Bygdaboknemnda er eit godt døme på dette. Dei hadde fleire av møtene sine i det gamle biblioteket, som også var ein del av Allrommet.

### **Sosialt**

Då bygdeboknemnda forflytta seg frå eit bokmiljø til eit folksamt kafémiljø, var dei med på noko av intensjonen med kantina; møteplass. Det hende fleire gonger at rommet var fullt av nøgde personar, der latteren runga og verdsproblem blei løyste. I ein periode gjaldt det om å vera tidleg ute om ein ville sikra seg mat. Vertinnene gjekk av og til tomme for dagens rett, spesielt viss det stod ostehorn på menyen. Det var folket favoritt.

I tillegg til ostehorn har damene variert mellom pizzahorn, gryterettar, supper, pølser i brød, påsmurte rundstykker, horn, baguetter og lunsjbord. Til mange av rettane var det salat.

Kjellfrid Bokneberg fortel at dersom det blei mat igjen kom det dei tilsette på sjukestova til gode, dei som hadde ettermiddags- eller nattevakt.



**Kjellfrid Bokneberg (tv) og Inger Alvestad har drive kantine i nærrare sju år. Siste dagen serverte dei påsmurte rundstykker.**

Ho og Inger Alvestad har trivest på arbeidsplassen sin i nærrare sju år og synest det er trist at det no er slutt. - Å beregne mengden har vært noe av det vanskeligste, seier Inger, som no er med og lagar mat av krabbe hos Bokn Seafood A/S i Knarholmen.

### **Markering**

Den siste fredagen, 15. september, markerte folk frå 1. etasje avslutninga. Kafédamene var med og åt kake og mottok gåver og takk frå kommunen, ved seksjonsjef helse, sosial og barnevern, Gunn Grønnestad.

Underteikna har brukt kantina mykje og vil også uttrykka takksemd for god mat gjennom mange år!

# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -  
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

## NOVEMBER

05. Gudsteneste kl. 11.00  
07. Kulturkveld m/Pollestad på Bedehuset  
**08. Eventyrstund m/rytme på Biblioteket kl. 17.00**  
10. Kino i Auditoriet  
10. Basar ABR, Bedehuset kl. 19.00  
11./12. Seminar, skulekorpset - arr. Bokn musikkorps  
**12. Ekornspeidaren går naturstien til Trollskogen kl.15.00**  
13. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30  
17. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps  
18. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps  
19. Gudsteneste kl. 15.00  
26. NMS, Bedehuset kl. 19.30  
27. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30  
**29. Eventyrstund m/rytme på Biblioteket kl. 17.00**  
30. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## DESEMBER

- 03. Julegranstening på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn Røde Kors**  
03. Gudsteneste kl. 19.00 - lysmesse  
**05. Grautfest for speidarane i gymsalen på skulen kl.18.00**  
08. Kino i Auditoriet  
10. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps  
11. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30  
**16. Klubbkveld for ungdom m/julemiddag**  
17. Gudsteneste kl. 11.00  
17. Julefest, Bedehuset kl. 15.00  
24. Gudsteneste kl. 14.00  
26. Gudsteneste kl. 11.00  
**26.-30. BCG - Datatreff**  
28. Juletrefest, Bedehuset kl. 19.00 - arr. Bedehuset & Frelesesarméen  
31. Gudsteneste kl. 16.00

## Me gratulerer!

### Dan Martin og Cathrine

Søndeland giftet seg søndag 19. august 2006 i Dypvåg kirke, Tvede-strand.

De sender en hilsen til Margit Søndeland "Oldebokk" fra Jøsen, som nå bor på Boknatun.



Vi vil gratulere vår kjære mor og kone med dagen som var 19. oktober.

**Bursdagsklemmer fra Audhild, Veronika og Arvid.**



Dei goe og snille foreldrene våras fylle år.  
Pappa blei 48 år den 26. oktober og mamma blei 41 år den 3. november.

Gratulera så masse me dagen t dåkke begge to.  
Me e kjempeglad i dåkke! :)

**Klem fra Kristian, Henrik og Hanne.**

## Hummardikt av 4. klassingar (sjå også s. 3 og 17)

Eg har to klør  
når eg broke dei  
begyner folk å blø  
og då seier eg bø.  
**(Torgils)**

Eg er fin og svart  
men der er krabbe-lars.  
Han er stygg og oransje  
og vi slåss veldig mye.  
Men eg vinner alltid.  
**(Simen)**

Ein dag eg var ute med båten.  
Så såg eg ein hummar som  
summar runt.  
**(Ellen)**

Bra det er sommar  
for eg liker ikkje hummar.  
Eg er god til å slåss  
men kvar gong detter eg i ein foss.  
**(Stian)**

# Kretsmeister i Trial 2006

Pluggen MK

## Martin Trosnavåg gjekk laurdag 21. oktober til topps i C-klassen på KM-finalen på Riska, og vann dermed sesongen samanlagt.

Han blei kretsmeister og mottok gullmedalja. Det var ein spennande dag, for det skilde minimalt mellom Martin og neste køyrar foran løpet, men Martin heldt nervene under kontroll i vanskelege seksjonar og drog sigeren i land.

Harald Trosnavåg fulgte opp med seier i Rekrutt D-klassen. Dei er for unge til samanlagtresultat (jmf. Barneidrettreglane). Både Harald og Martin har deltatt i alle 7 rundene i KM. Tredje runde var på Bokn i juni.



**Martin og Harald Trosnavåg**

I miniklassen (6-10 år) viste Bokn godt igjen, med 7 deltagarar av totalt 16. Og her vinn alle. Kristian Lie Alvestad, Marita Lie Alvestad og Torgils Hognaland deltok på sitt første løp. Og blant dei med litt meir rutine var Sander Alvestad, Sander Jøsang, Sverre Trosnavåg og Bjørn Ove Jøsang.

## Sesongen 2006

I haust har det vore stor rekruttering i klubben, er nå over 20 køyrarar. 12 av desse har vore med på løp: Joakim Skjelde, Vilhelm Våge og Ellen G.

Johannesen + dei 9 som var på Riska.

Martin har også køyrt alle 5 rundane i Norgescupen, der fekk han 9. plass samanlagt, av 34 deltagarar i C-klassen.

I slutten av november skal det vera lisenskurs. Eit kurs som alle køyrarar frå 9 år (saman med førestette) og oppover må ta ein gong. Noko av det kurset inneheld lovar og reglar, trialsykkel og litt køyring.

I sommarhalvåret køyrde ein på torsdag kveld og vinterhalvåret lørdags ettermiddag. Har også vore leigd inn trenarar til dei eldste i klubben, i haust deltok det 6 stk.

Det blir nå jobba med å få fornya noko av utstyret som klubben har, då det med stor rekruttering blir

meir slitasje. Klubben har 5 trialsyklar for utleige. Det er også 5 private syklar.

## Seksjonsdommarar

Under løpet på Bokn var det mange lokale som stilte opp som seksjonsdommarar og andre funksjonærar. Det er klubben veldig takknemleg for. Det har også vore utlån av seksjonsdommarar frå Pluggen MK til løp andre plassar.

På Norgescup 1 på Riska og Norgescup-finalen på Karmøy dømde Harry Bakken og Ragnhild Trosnavåg. Harry og Leif Hansen dømde på NM-Karmøy og KM i Haugesund. Harry blei også plukka ut som ein av totalt 3 finaledommarar under NM. For første gong blei Motorsportens Kongepokal delt ut i Trial. Ein til Senior herrer og ein til Dameklassen.

Åse Bratthammer, Olav Alvestad, Ragnhild og Artur Trosnavåg har også hjulpe til på løp i Haugesund og Karmøy. Klubben sit etter kvart inne med ein del kompetanse.

## Takk!

Pluggen MK vil takka alle som har støtta opp om klubben. Utan bygdafolkets dugnadsånd hadde det ikkje latt seg gjera å gjennomføra KM på Bokn. Håper på like positiv respons neste år, då det igjen blir ein KM runde på Bokn.

**Pluggen MK ynskjer alle køyrarar lykke til vidare.**



**Stolte vinnarar frå miniklassen**

**Bak fv. Bjørn Ove og Sander Jøsang.**

**I midten fv. Sander Alvestad, Marita L. Alvestad og Sverre Trosnavåg**

**Foran fv. Kristian L. Alvestad og Torgils Hognaland**

# Stor variasjon i leikeplasstandard

Jardar Havikbotn

**Bokn kommune har ein svært stor jobb foran seg dersom alle kommunale leikeplassar skal overhalda krava til dagens standard for trykkleik.**

Offentlege leikeplassar skal fylgja krava til dei såkalla EU-reglane frå 1995. Mange av Bokn sine leikeplassar er bygd før desse reglane kom og skapte mykje debatt om bruk av sunn fornuft og å tilpassa seg reglane på ein så god måte som muleg.

Fleire kommunar har rive ned mange av leikeapparata sine, for så å setja opp nye. Det sikraste og enklaste alternativet er sjølvsgåt også det dyraste. Dagens leikeapparat etter rett standard er mildt sagt spinndyre.

## Grundig gjennomgang

Sertifisert leikeplassinspektør, Tor Røkenes, frå Norsk Lek & Park, kommunen sin leikeplassleverandør og samarbeidspartner, gjennomførte i månadsskiftet september/oktober ein grundig kontroll av Bokn sine sju leikeplassar.

Leikeplassinspektøren har tatt bilder av samlede apparat og ført inn avvik, merknader og tiltak på skjema. Under avvik blir det operert med tre kategoriar feil.

**A-feil** er feil eller avvik som kan forvolda død eller invaliditet, kor tiltaket er å retta det opp straks eller å stenga av apparatet.

**B-feil** er feil eller avvik som kan gi varige mén, og som må reparerast snarast.

**C-feil** er feil eller avvik som kan gi mindre skader, og som må reparerast ved neste service.

Alle feil eller avvik er hjemla i standarden for leikeplassutstyr NS-EN 1176 1-7 og 1177 samt forskrift for leikeplassutstyr. Unntaket er under merknader kor inspektøren sine eigne meininger ligg til grunn. Inspektøren/kontrolløren har ikkje myndighet over leikeplassen eller utstyret, men påpeikar kun ev. feil eller manglar.

## Strykkarakterar

Som venta var variasjonen stor. Leikeplassane **Havnavegen-sør** (ved Edgar Våge), **Alvestad-nord** (ved Arne Hosaas) og **Kyrkjebygd leikeplass** er alle bygde lenge før EU-reglane kom. Her fekk dei aller fleste apparata A-feil og bør fjernast.

Underteikna var med Tor Røkenes på runden, og Havnavegen-sør og Alvestad-nord fekk fullstendig strykkarakter. Av dei apparata som står oppreist i dag



**SNORFESTE PÅ KYRKJEBYGD:** I følge sertifisert leikeplassinspektør, Tor Røkenes, er dette den vanlegaste årsaka til dødsulykkene som har vore på leikeplassar. **I døra står.....**

er klatrehuset m/sklie (rutsjebane) og klatreplattformen i Havnavegen-sør dei mest graverande. Her vrimalar det m.a. med snorfester, hovudfester, fingerfester, manglande rekkverk, manglande fallunderlag og utstikkande spiker samt at dei er bygd i så store høgder at konsekvensane av ev. ulykker på desse apparata kan bli svært store.

Då leikeplassen sentralt i Havnavegen blei bygd for fleire år sidan gjorde styret i Havnavegen Vel kommunen merksam på desse apparata.

Leikeplassen i Alvestad-nord må også byggast opp igjen frå grunnen. Her står i dag ein del rester etter apparat, som er farlege for omgivelsane.

På Kyrkjebygd leikeplass trengst det svært mykje vedlikehald for at plassen skal overhalda dagens krav. Barnehageungar var også på besøk då me var der oppe, og me fekk m.a. Sjå korleis ungane nyttar dei ulike apparata. Inspektøren merka seg m.a. ei leikehytte blei brukt til klatrehus. Her kan snorfestene på taket vera svært farlege når ungane er i tvungen bevegelse.

- Snorfester er den vanlegaste årsaka til dødsulykkene som har vore på leikeplassar, forklarer Tor Røkenes.

Ungane kan altså bli kvelte dersom lause snorer på kleda deira heng seg opp.

## Vindskeivt

Det nye klatrehuset m/sklie på leikeplassen ved skulen har også enkelte snorfester i overgangane på stativet. Dette kjem sannsynlegvis at deler av huset var blitt vindskeivt etter å ha ligge lenge i bestemte

stillingar før montering samt naturlege bevegelsar i treverket.

Dette er forhåpentlegvis fuga med silikon og blitt i orden då dette blir lese.

### Føresvik-nord (ved Olav Rossebø)

I følge rapporten er leikeplassen i noko variabel stand, men dei fleste avvika lar seg forholdsvis enkelt reparera. Unntaket er skliene som i likhet med dei andre som kom opp før 1995 må fjernast eller skiftast ut.

Generelt sett er rammeverka på samtlege leikeplassar i god stand, og med unntak av Havnavegen sentralt, barnehagen og skulen er det feil sand i alle sandbas-senga rundt apparata og i sandkassane.

### Behov på Austre Bokn

I tillegg til store vedlikehaldsbehov og fleire leikeplas-sar som må byggast opp igjen frå grunnen av forven-tar Austre Bokn Bygdalag at kommunen også priorite-rer leikeplassar i Øyrenfeltet framover, så her er det mykje å bruka pengar på dei neste åra.

## "Språkstraumen"

Jardar Havikbotn

### Eit språkstimulerings-prosjekt skal forebygga lese- og skrivevanskar i barnehage og skule.

Prosjektet er eit samarbeid Mellom helsestasjon, barne-hage, skule, PPT og bibliotek. Målet er å oppdaga språk-problem og setta inn tiltak så tidleg som muleg. Tiltaka er det PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste) som set inn.

Bokn kommune har felles PPT med Tysvær kommune, og prosjektet er eit sam-arbeid med Straumen skule, helsestasjon og barnehage i Skjolda-straumen. PPT kallar inn til møte og det er nedsett ei prosjektgruppe. Forutan helseyster, barnehage-styrar, rektor og bibliotek-sjef møter også kontakt-lærarane for 1. og 5. klasse fra Bokn.

### 10.000 frå banken

Samarbeidet med Skjoldastrau-men gjeld ikkje økonomi. Pro-sjektet har heller ikkje eige budsjett i Bokn, og gleda var stor då biblioteksjef Linda Ognøy 23. oktober kun-ne motta kr. 10.000 frå Sparebank 1 Sr-bank Bokn, øyremerka til lesestimulerande tiltak - i hovudsak bokkjøp.

- Alle ungar får ei bok av meg på ettårskontroll, og på toårskontroll får dei ein boksjekk, seier helseyster Rita Førland, som også i 2005 gav bok til fem ettåringar.

- Sjekken tar dei med på biblioteket, skyt Linda inn, - kor toåringane får "Barnets første bok", som er full av rim, reglar, songar og eventyr. Sitt første lånekort får dei også, og etter fem bibli-tekbesøk får dei premie. Målet er å venna toåringane til å bruka biblioteket frå ung alder.



Fh. May Jorunn Vatnaland og bankstyremedlem Gunn Grønnestad overleverer ein sjekk på kr. 10.000 frå banken til biblioteket, øyremerka til lesestimu-lerande tiltak i prosjektet "Språkstraumen".

Fv. Rektor Ingjerd Ellingsen, biblioteksjef Linda Ognøy og helseyster Rita Førland er begeistra.

### Språktestar

Rita kan opplysa at alle barnekontrollar f.o.m. 2007 vil ha faste språktestar for toåringane. Testar har ho hatt før også, men nå blir dei grundigare, etter ein fast kartleggingsmetode som heiter SATS.

Det er også utarbeida ein foldar om kva som er god språkstimulering og t.d. om kva foreldre kan gjera. Rita fortel også om eit språkopplegg for fireåringar, SPRÅK 4, som ev. kan brukast på barn som ikkje går i barnehagen. Dette er førebels usikkert.

Barnehagen har også innført eit språkkartleggingssys-tem som heiter TRAS, det same systemet som er inn-ført i samtlege barnehagar i Tysvær.

Overføring av informasjon til skulen, med dei føresette sitt samtykke, skal sikra at barnet får hjelpe tidleg.

## 18 års aldersgrense

**Jeg er en av de jentene på 16 år som var hjemme da det var dans den 30. september.**

Jeg blir skuffa da jeg får høre at andre 16 åringer fra Tysvær fikk komme inn, og han som slepte

henne inn visste godt at hun var 16 år. Og ikke minst; en fra Bokn kom også inn på dansen, og han var 17 år.

**Skal dere ha 18 års aldersgrense får dere også sørge for at det er 18 års aldersgrense.**

Jeg synes dette er uansvarlig. For dere er ganske strenge med alt annet, men ikke med aldersgrensen. Hvis dere er i tvil på alder så spør etter legitimasjon i steden for å ta alt som en selvølge.

**Hilsen en skuffa 16 åring:(**

Publisert på nett 03.10.06

## Til en skuffet 16 åring

**Jeg vil på vegne av Bokn Idrettslag beklage at ungdommer under 18 år har kommet inn på dansen.**

Dette er en sak som vi vil ta opp internt hos oss. **HVIS** vi i fremtiden kommer til arrangere flere danser, så skal vi bli bedre på dette området, slik at aldersgrensen blir ivaretatt.

Som du sikkert vet, satte vi aldersgrensen til 18 år for å unngå en

del uheldige hendelser. Men det ser fortsatt ut for at noen ungdommer ikke har lært.

Når noen ungdommer klarer å gå løs på "døde" ting som lekeapparater til barn, så er det noe med holdninger til ungdommen som ikke er bra. Disse handlingene kan ikke forsvares.

Vi har satt i gang tiltak for å fikse opp apparatene som ble ødelagt.

Som jeg har sagt tidligere så er det ikke sikkert vi kommer til å

arrangere flere danser. Vi har nå prøvd flere ganger, men resultatene har vært nedslående. Våre inntekter er sterkt redusert, og til tider går vi med underskudd. Dette er blitt en belastning for oss som arrangør. Og vi er ikke tjent med å bli assosiert med slike uheldige saker.

**Hilsen  
Bokn Idrettslag  
Per Helge Sunde  
formann**

Publisert på nett 06.10.06

## Frustrasjon vedr. nye vegnavn på Bokn

**Vi som bor i Leirgrovvegen, tidligere Lyngvegen, og Boknatunvegen, tidligere Stølsvegen har sendt et opprop som er underskrevet av nesten samtlige beboere i begge vegene.**

Vi ønsket ikke at navnet på vegene skulle endres. Brevet/oppropet ble avlevert før formannskapet hadde møte, og før navneendringene ble sendt inn til Statens Kartverk.

Blir vi hørt? NEI! Fikk vi svar fra kommunen? NEI!

Mange av oss sitter igjen med en blandet følelse av hjelpebosset og raseri.

### Fornuftig pengebruk?

I forbindelse med kommunesammenslåingsdebatten, går noen politikere ut i mediene og proklamerer at det ikke er vits i å drive egen kommune når man kun har 100.000,- kr. å fordele. Ingen vits i å beslaglegge tiden til 17 personer for 100.000,- ble det sagt.

Når man i ettertid ser hvordan disse 100.000,- blir brukt (i alle fall deler av dem), kan man saktens begynne å

lure. I dag eksisterer det allerede skilter som så vidt oss bekjent er kjøpt og betalt. Hvorfor i all verden skal man da bruke av de 100.000,- (?????) til nye skilte?

Når først lokalbefolkningen i så stor grad som i denne saken engasjerer oss, hvorfor er det da så forbasket viktig å drepe det engasjementet? Vi lurer.

Når vi har etablert velforeninger rundt omkring i kommunen vår, hvorfor blir ikke disse spurte til råds når det gjelder navnevalg på veger? Og når det gjelder skrivemåte; hver eneste gang vi oppgir adressene våre må vi bokstavere gateadressa vår. I forskriften står det at navnene IKKE skal være vanskelige å verken uttale eller skrive. Det står også at navnene skal følge den lokale navneskikken. Man finner dette i Forskriftene til Delingsloven punkt 15.6.

Og så er det nummereringen da..... En eiendom, med ett gards og bruksnummer, men med 2 boenheter..... Burde den ene eiendommen ha 2 gate-nummer? Bokn er sannsynligvis den eneste kommunen som praktiserer dette. Og for å sette en ekstra spiss på det hele; Dersom huset hadde hatt leilighet i kjelleren, hva hadde det da blitt? Nr 1 og nr 3? Eller hadde det da blitt A og B? Hva hadde vært opp og hva hadde

vært nede?

### Enklere?

Og... til slutt.... Dersom det virkelig skulle vært enklere å finne frem, hvorfor er det ikke sammenheng mellom husnummereringen tvers over gatene? I gamle Lyngvegen ligger nummer 21 tvers ovenfor nummer 32. Hadde vi lett etter nr 21, hadde vi snudd når vi passerte nr 26. Vi hadde tenkt; Vi har kjørt for langt. Folk har allerede gjort dette.

Hele greia, både når det gjelder nummerering og navnevalg på veger virker svært lite gjennomtenkt på mange av oss. Det som virkelig provoserer, er det totale fraværet av fornuft når man kan prestere å dele en veg i to med forskjellige navn, Leirgrovvegen og Boknatunvegen i krysset ved Arild Kjetland.

Det enkleste hadde jo faktisk vært å kun hatt ett vegnavn på alle vegene i Bokn. Det kunne vært Boknvegen. Og så kunne vi ha hatt tombola med vegnumrene. Og alle kunne hete Bokn eller Tysvær til etternavn. Det hadde blitt enkelt det.

**Olav Lande Rossebø, Rune Vatnaland.**





# Humrafisket er godt i gong



I samband med kystkulturdagane på skulen i vike 42 hadde vår lokale poet Kjetil Hamre eit opplegg med småskulen om hummar på verseføter. Veka etter blei dikta frå elevane ferdige.

**Her kjem dikt frå 1., 3. og 4. kl. (sjå også s. 3 og 12). Dikt frå 2. kl. kjem i neste blad.**

Hummaren er ein krabat.  
Ubåten kan sjå hummaren.  
Mat til hummaren.  
Makrell er snadder.  
Antennene til TV.  
Råtten fisk namm namm...  
*(Kristian, Robin og Sander J.)*

Hummaren er svart.  
Hummaren er stor og sterk.  
Hummaren er ein løyen krabat.  
Hummaren er skummel.  
Hummaren er av og til litt dum.  
*(Roar, Tobias og Bjørn-Ove)*

Hummaren er svart og raud.  
Uuu det kommer uvér nå.  
Men hummaren likar seg i sjøen.  
Men hummaren vil ikkje bli spist.  
Au me likar hummar  
Raud og fin.  
*(Emilie og Sylvia)*

Hummaren er ein lur krabat.  
Uh så kaldt det er her.  
Mmm nå vil eg ha mat.  
Mmm det var godt med mat.  
Au han kløyp meg.  
Raud blir den når den er kokt.  
*(Celine og Annelin E.)*

Hummaren er ein krabat.  
Hummaren er svart og raud.  
Hummaren er ei klypetong.  
Hummaren er glad i råtten fisk.  
*(Jan Robin og Erik)*

Hummaren er ein krabat.  
Under havet ligg han  
Mmmmm nå er eg svolten.  
Mmmmm det er godt med råtten fisk.  
Alle i teinå er redde.  
Redde for hummarteinå.  
*(Mari, Jørgen og Gabriel)*

Hummaren er lur.  
Hummaren er svart.  
Hummaren er ein lur krabat.  
Hummaren er raud når  
han blir kokt  
og då et me han opp.  
*(Karen og Marita)*



Hummaren er lur og sterk.  
Han kan klype som du mister fingeren.  
Hummaren ser ut som ein stein.  
Dei kryp i berg.  
Hummaren lever i havet.  
*(Johan og Jone)*

Eg er ein hummar.  
Eg har skarpe klør.  
Eg er svart som eit kar.  
Eg er rød når eg er død.  
Det er sommar  
Eg er fri dåkke  
Kan ikkje ta meg  
For eg er fri.  
Det er sommar.  
Eg bur i ei hole i sjøen.  
*(Sofie)*



## dråpen fra nasen

du lar teinå forsvinna i sjøen  
egna me godt modna dissande åte  
å håpe det blir rolige køen  
når adle ska inn å smaka på det så lokte råte  
nå tørkes den blanke dråpen fra nasen  
reggene blande seg me tynne snått  
det må løysast opp i vasen  
i teinå e det svarta alt for smått  
men når du hale tau me såre neven  
å spent åpne et nytt teinelokk  
e hommaren liga slu så reven  
sjøl om de sko gå i flokk  
du hale å sette jevnt å trutt  
i kalven kan de sitta ein svarte  
før dagens slit endelig e slutt  
å neste dags håp starte  
for hommarfiske e håp å tro  
tro på fangst for kvar dobbe på sjøen  
håp i kvar einaste teina du dro  
men det va ikkje lange køen

**Kjetil Hamre**

Hummaren er svart i vatnet.  
Hummaren blir kokt, så blir han raud.  
Hummaren kan me nesten  
ikkje sjå i vatnet.  
Hummaren har så longe antenner at  
han kan sjå på TV,  
både NRK, TV2 og filmkanalen.  
Hummaren er klok og tullete.  
Hummaren pleier å göyme seg i teina.  
Hummaren ligg oppå teina og leiter  
etter den gode maten.  
*(Fredrik og Sander A.)*

Hummaren er ein liten tulling.  
Hummaren har lange antennen.  
Hummaren ser masse på TV  
Med dei lange antennene sine.  
Hummaren ser på disney,  
Og kose seg med råtten fisk.  
Hummaren er raud når me kokar han.  
Og han er god når me spiser han.  
Og han er ganske lur.  
*(Annelin J. og Amalie)*

# 10. klasse på tur til Polen

Liv Birknes

Me gjekk ombord i Bussen, ein dobbeltdekker frå Kærholms Reisjer i Danmark, på kaien i Arsvågen kl. 00.30 22.sept. I lag med oss i bussen var 30 elevar og 25 foreldre frå Tysværåg skule. Dei hadde med seg 3 lærarar/assistentar og me hadde med oss lærar Liv + 3 mødre: Ellen, Gry og May Jorunn.

Ferjeturen frå Bokn gjekk greitt, og så var me igang! Nattbussturen til Kristiansand gjekk ganske fort. Ein del greidde å sove, men det var alltid nokon som MÅTTE seie noko, så dei fleste var ganske trøytte då me gjekk ombord i ferja til Hirtshals.

Det var likevel nok energi att i dei fleste til at dei greidde turen til tax-free-butikken. Godt å endelig komme igang med å bruke pengane! Men deretter var det slutt, dei fleste la seg ned ein eller annan plass etter å ha fått lasagne. Resten av dagen gjekk med film og prating på bussen gjennom det danske, flate landskapet - og ingen protesterte særleg høgt då me sa at det skulle vere ro kl 23.00.



Klar til å reise vidare frå Hotell Spornitz i Tyskland, 2.dag.

Me overnatta på hotell Spornitz rett over grensa til Tyskland. Tidleg start neste dag - og me kørde heile dagen, og kom til hotellet vårt rett utanfor Auswitch, om kvelden.

## Auswitch-Birkenau-leirane

Neste dag brukte me i Auswitch-Birkenau-leirane - her vart over ein million jødar utrydda under 2.verdskriga. Eg trur dei fleste blei sjokkerte over kor enormt stort det var, og kor effektivt alt var laga. Me fekk sjå brakkene, der fanganesov i lag 5-8 stykker i same køy, utan verken madrasser eller ulltepper.

I Birkenau fekk me sjå det eine gasskammeret som stod igjen og krematorieovnane like ved. Dette var ein fabrikk som hadde eitt mål: å ta livet av flest mogeleg menneske på kortast mogeleg tid. Rett utanfor brakkene var det fine, grøne plener - men me syntes dei var litt mindre "fine" då me fekk vite at her hadde dei strødd aska etter dei som var kremerete.

Det var nydeleg ver og varmt då vi var der, så det var ikkje heilt lett å setje seg inn i dei forferdelege opplevingane folk hadde blitt utsette for. Som ein av våre elevar sa det: "Det burde vore iskaldt og sålete". Underveis blei me orientert av

**Nokre av elevane våre i enden av Birkenau. Alt me ser på biletet er leirområdet, og lengst borte kan ein skimte nokre av dei brakkene som framleis står.**



ein dyktig, engelsktalande guide, og me la ned blomster og las dikt ved skyteveggen, der dei henretta folk, og på minnesmerket for norske fangar. Etter omvisninga her fekk me ein time i lag med eit norsk tidsvitne som var med ein annan buss.

**Nokre av elevane la ned blomster og las dikt ved minneplata for dei norske fangane som omkom i Birkenau/Auswitch.**



Utanfor ei av mur- brakkenei Auswitch.



### Karl Haugan

Reiseleiaren vår Torleif Susort, kjende denne karen frå før. Han heitte Karl Haugan, var 87 år og frå Oslo. Han fortalte om då han sat på Grini og seinare blei send til Tyskland. Han hadde ikkje vore i Auswitch, men i ein mindre leir - men opplegget syntes å vere nokså likt: lite mat, streng disciplin, knallhardt arbeid- og visst du ikkje var arbeidsdyktig, var det slutten for deg.

### Shopping og sightseeing

Etter dette reiste me vidare inn til Krakow – no var det slutt på den "alvorlege" delen av turen for ei stund. Krakow er ein fin, gammal by med ein stor markedspllass i sentrum – og denne ettermiddagen fekk elevane gå i grupper og sjå seg om (les:shoppe). Nokon var innom den vakre Mariakyrkja, som mellom anna er kjend for si flotte altartavle og fine glasmaleri. I markedshallen var det mykje billeg krystall, og her var det nok ein del foreldre som var interesserte.



Markedsplassen midt i Krakow. Du ser den store torghallen, der det bl.a. var mykje billeg krystall å få kjøpt.

Dagen etter besøkte me dei berømte saltgruvene utanfor Krakow. Her har det blitt utvunne salt sidan 1200-talet og heilt fram til våre dagar. No er gruvene mest museum, og det var fantastisk å sjå alle dei flotte figurane og modellane som arbeidarane hadde skore ut av salt. Midt inne i gruva er det laga ein diger katedral, og der tok me gruppebilete.

Resten av ettermiddagen var me i Krakow, og om kvelden var me på folkloreforestilling på eit av hotella i sentrum. Der fekk me sjå sang og dans, og både lærarar og elevar vart

dradd fram på golvet og fekk prøve seg i dansen.

### Tropical Island

Dagen etter tok me farvel med Polen og reiste vidare mot Berlin. Første stopp var Tropical Island, eit slags badeland inne i ein stor plasthall. Denne hallen vart eigentleg reist på 30-talet for å byggje luftskip i. Den er ca 350 m lang og 150 m breid – og stikk seg ut som ein diger haug i det ellers flate landskapet. Det vart bygd eitt luftskip her, og sidan låg berre hallen der i mange år til inga nytte.

For nokre få år sidan vart den kjøpt av ein malaysisk forretningsmann som ville bruke den til turistføremål. Det er no både kunstige strender, lagune, 800 kvadratmeter regnskog, kafear, sandvolleyballbane og stort garderobebeanlegg. Her fekk elevane boltre seg til klokka var 02.00 om natta – deretter gjekk folk og la seg i små telt på sanden i Peace Camp. Det var ca 30 grader inne, så det blei nokså varmt etter kvart, og nokre la seg berre rett utanfor teltet. Det blei vel heller lite soving...

### Berlin

Neste morgen fekk me servert ein flott frukostbuffet, før me reiste vidare. Neste stopp var no Berlin. Me begynte med ein rundtur i byen, der me såg dei mest kjende landemerkene. Me stoppa ved restane av Berlinmuren, og fekk orientering av ein engelsktalande prest. Det han sa var interessant, men mange var så trøtte etter natta i telt at dei dessverre ikkje fekk med seg så mykje. Kanskje noko å tenke på for dei som legg opp desse turane.

Me avslutta denne delen med ei samling i Forsoningskapellet, der sang alle "Barn av Regnbuen". Etterpå åt me lunsj på Hard Rock Cafe, og det var ei kjekk oppleveling. Her var det god stemning, og deretter vandra dei gruppevis rundt i eit avgrensa område av byen. I 18-tida reiste me til hotellet.

### Sachsenhausen

Dagen etter var det ein ny runde med alvor. Me besøkte fangeleiren Sachsenhausen eit stykke frå Berlin. Det var i denne leiren dei "fann opp" dei verste måtane å torturere folk på, og det var mange uhyggelege eksperiment på kor mykje smerte eit menneske kunne tolke, som blei utført her. Me avslutta dette besøket med å leggje ned blomster (Tina) og lese dikt (Didrik og Daniel).

### Med stil

No nærmere turen vår seg slutten – men me avslutta med stil, i alle fall når det galdt hotell. Den siste natta overnatta me på Hotell Des Nordens rett før grensa til Danmark. Her var det flotte rom og oppvarma svømmebasseng både ute og inne. Og det beste: I kjellarren på hotellet var det butikk, og her var det meste billegare enn i tax-free butikken på båten. Det var ikkje få brett med cola som vart stabla på dei ulike romma. Og sjølv om det var siste kvelden, var alle trøtte, og det gjekk roleg for seg å få folk til køys.

Så var det berre heimturen igjen, og om den er det å seie at me køyrde og køyrde.. og køyrde. Me såg film eller sov underveis- og på båten åt me lasagne. Det gjekk heilt etter planen, og me nådde den siste ferja i Mortavika, og var heime på Bokn ca. 00.30 natt til søndag.

Me hadde ein fin og interessant tur, elevane oppførte seg eksemplarisk – og eg trur det var veldig godt for oss alle at me hadde fri på mandagen etter.

### Alle elevane frå Bokn og Tysvær som var med på turen. Tatt i Birkenau.





## Informasjon om legetenesta

**Bokn kommune forlenger samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas ved Hegren legesenter.**

Sjølv om Elisabeth Mattson er tilbake i jobb i Aksdal, har ikke det noko med legestillinga i Bokn å gjøre. Vi har framleis ein skriftleg avtale med dr. Fazekas om at han skal ivareta pasientane frå Bokn, og vi betaler han for dette.

**Ta derfor kontakt med Hegren legesenter på tlf. 52 75 88 00 når du treng lege.**

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbuddt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydeleggje grunnlaget for drifta ved legekontoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Når det gjeld arbeidet med å skaffe ny kommunelege, har Formannskapet gått inn for å opprette ein heil legeheimel for Bokn, og det er søkt direktoratet om opprettelse av en slik heimel. Vi venter no på svar derfra.

Som de skjørnar, arbeider denne kverna langsomt, og det er vel ikke realistisk å tru at vi har ny lege i Bokn før nyttår. Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekontoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

**Er det elles noko de lurar på når det gjeld legeordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03**

Med helsing Gunn Grønnestad

## Frivillige mannskaper til brannvesenet

**Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.**

Søker må ha førerkort (klasse C vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen. Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godtgjørsle utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

**Spørsmål kan rettes til brannsjefen på tlf. 52 75 25 05.**

**Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 25. november 2006.**

## Strøsand for eldre

Eldre i Bokn som ikkje på eiga hand kan skaffa seg strøsand til vinteren, vil kunna få ei bøtte med strøsand frå kommunen. Dette har eldrerådet bestemt.

Sand vil bli utkjørt. Dersom du har behov for dette, og ikkje har mottatt innan 1. desember, kan du ringa sosialkontoret i tlf. 52 75 25 04.

Om du brukar det opp, kan du få påfyll ved å ringa same nr.

Bokn eldreråd

Grieg Seafood Rogaland er et datterselskap av Grieg Seafood, som inngår i Grieg Gruppen. Grieg Gruppen er et privateid foretak som driver global næringsvirksomhet innen et mangfold av forretningsområder; rederivirksomhet, global logistikk, skipsoperator virksomhet, skipsmegling, maritime informasjonssystemer og fiskeoppdrett. Grieg Gruppen vektlegger å ta samfunnsansvar og bidrar aktivt i humanitære, kulturelle og allmennytige formål, blant annet som en viktig sponsor for SOS Barnebyer.



| GRIEG GRUPPEN

## Grieg Seafood Rogaland søker røktere

Grieg Seafood Rogaland AS søker etter røktere til sine lakseoppdrettsanlegg på Finnøy og Bokn.

### Ansvar og arbeidsoppgaver:

- Föring og røkting av fisk.
- Reparasjon, renhold og vedlikehold av båter, anlegg, nøter og diverse produksjons utstyr.
- Delta i helgevaktordning.

### Kvalifikasjoner:

Vi ønsker personer med erfaring fra matfiskanlegg, men annen praktisk erfaring, for eksempel fra landbruk, vil også kunne vektlegges. Søkere må være båtkyndig og like å jobbe med folk og fisk. Vi legger særlig vekt på god ordenssans og evne til å ta ansvar

Vi tilbyr en spennende stilling og konkurranseedyktige lønnsvilkår i et i et solid konsern med et bredt faglig miljø både i Grieg Seafood og Grieg Gruppen for øvrig. Lønn og tiltredelse etter avtale.

Spørsmål om stillingen kan rettes til  
Kjetil Ørnnes tlf 971 95 230 / 51 71 40 02  
Terje Moss tlf 913 91 109 / 55 57 69 62

Send kortfattet søknad og CV til  
personal@grieg.no

Frist 17. november

## TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt innmark  
Kr. 170,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes  
4150 Rennesøy**

**51 72 31 33**

**900 16 817**

### Ukrainaaksjonen

THK stiftelsen har innsamling av klær, sko, sengeklær, dynner, puter og leker.

Søndag 3.12.06 kl 11.00 - 14.00 på parkeringsplassen ved Arsvågen

Alt må være rent og helt og vi ber om kr 50,- i frakt

**Les mer om oss på [www.thk.no](http://www.thk.no)**

Me pusser opp **speidarens hus**,  
og kasserer gamle møbler, tygd av mus.  
Så har du en avdanka stol,  
passer den kanskje til vår gamle reol?

**mvh**  
**May Jorunn Vatnaland**  
**SpareBank1 SR-Bank Bokn**  
**tlf. 52 74 82 22 - fax 52 74 84 09**

### Takk!

Bokn musikkorps vil retta ein stor takk til dei som var med og støtta opp om loppemarkedet/auksjonen 28. okt.

Arrangementet er den viktigaste inntekstkjelda til korpset, og i år kom det inn omrent kr. 38.000 netto.

- styret -

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

**John Magne Lie**  
**90 92 49 64**

**Kjell Frode Lie**  
**90 78 37 97**

## HÅRSMIÅ



Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Mona

### NMS-julemesse

for Bokn og Tysvær blir på Tysvær soknehus  
**lørdag 18. november kl. 11.00**

Sal av heimebakst, ulike varer og handarbeid.  
I kaféen kan du kjøpa laupskaus, grøt og kaker.

Andakt, song og musikk.

Åresal, loddosal og hovudtrekning.

Alle hjarteleg velkomne!

*NMS-foreningane i Bokn og Tysvær*

### Juletresalg 2006

Tradisjonen tro selger Bokn Røde Kors også i år fine juletrær fra Liv og Osmund Lund fra Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for forhåndsbestilling. Forhånds-bestilte trær vil bli levert på døra. Vi vil i tillegg selge trær i Føresvik lørdagene 9. og 16. desember, kl 09.00-14.00.

Prisen blir som tidligere 280 kr.

Det vil i tillegg bli lagt ut lister under julegrantenningen som en kan skrive seg på.

Dere kan også bestille trær via tlf til:

**Unni 97 62 11 43**  
**Kjell Frode 90 78 37 97**

### Julegrantenning 3. desember 2006

Også i år vil Bokn Røde Kors arrangere julegrantenning for liten og for stor.

Vi starter kl 16.00 i gymsalen på skolen med lett underholdning, åresalg og selvfolgelig salg av kaker og kaffi.  
Nissen har også lovet å stikke innom dersom det kommer noen snille barn...


Ta med venner og kjente og møt opp!

**Hilsen Bokn Røde Kors**


Mandag til torsdag  
09.00 - 17.00  
Tlf. 52 74 83 16


# COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00  
Lørdag 09.00 - 14.00



**coop**  
marked





Kragerø 2013

Du vet hvor dyrt det er å ha ferie.  
– Spar til den dagen livet kun består  
av fridager.

Noen hendelser i livet får store økonomiske konsekvenser.  
Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
Smertebehandling med nåler.  
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.  
**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.  
**Enkelte laurdagar etter avtale.**  
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.  
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28  
Direkte nr.: 52 75 25 33  
**Rita Jensen - fotterapeut**



Arbeids- og velferdsforvaltninga

### NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 - 14.30  
Telefotnid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 - 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### TANNLEGEKONTORET


Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00  
kl. 9.00 - 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 80

**Marita Ølund - tannlege**

### Stort forsidebilde:

72% av skulelevane speler fotball.

Foto: Jardar Havikbotn



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.  
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

### BYGDABLADNEMND

Eva Moi  
May Jorunn Vatnaland  
Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør  
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar@bygdabladet.no  
Reidar Alvestad, journalist  
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: reidar@bygdabladet.no  
Linda Ognøy, medarbeidar  
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: linda@bygdabladet.no

### ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartsida	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

#### Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.  
E-post: postmottak@bokn.kommune.no**

Bokn kommune sel no **kommunepins** til private  
samarlar over heile landet. Desse kostar kr. 100,-  
pr. stk.

Interesserte tar kontakt med  
Servicetorget eller kulturkontoret.  
**Tlf. 52 75 25 00/52 75 25 08**



## Ny rekord i stappfull sal!

Jardar Havikbotn

**Kombinasjonen Tv-aksjon, møteplass og basar har blitt skulen si suksessrike haustoppeskrift. 20. oktober kom det inn heile 15.668 kroner!**

Det er 178 kroner meir enn resultatet frå basaren i 2003. Også den gong var hendinga avslutninga på eit kystkultur-prosjekt.

### Hummar & kanari

Fokuset i år var på hummaren. M.a. har barne-skulen vitja fiskarar då dei har kome inn med hummarfangstane sine. Eivind Øvrebø og Kjetil Hamre tok i mot dei på bygdemuséet. 5. - 7. kl. har laga håvar på sløyden og 1. - 4. kl. har laga hummarteikningar og forma skaldyret i plastelina. Småskulen har også fått tid til å starta på dikt om havets kardinal, godt motiverte av Kjetil Hamre.



**Folkereporter Jarle Bruntveit sørga for ein tankevekkande start på basaren.**



**Fargerike hummarteikningar og hummarfigurar i plastelina frå småskulen.**

Ungdomsskulen har vore med Sigvert Våga og Bernhard Våge i Humraparken på Nordre-Vågholmen. Resultatet blei ei flott historie i ord, tonar og bilder. Dei har også vore på Humramuséet på Kvitsøy og besøkt humraparken deira. Og som vanleg har 8. - 10. kl. laga heimabaksten til kaféen.

### Nøgd

Rektor Ingjerd Ellingsen var godt nøgd med at årets basar hadde fleire innslag. Det var spesielt at me hadde med oss ein som hadde vore med Leger Uten Grenser til Sierra Leone i Afrika, og som hadde med seg NRK-Rogaland. Den ferske TV-kjendisen sørga også for at den tradisjonelle skulebasaren fekk god omtale på fjernsynet om kvelden.

Før Jarle Bruntveit fortalte om "dei gløymde krisene" song småskulen "Barn for fred", med ein tekst som passa svært godt til det haugesundaren skulle snakka om. Ordføraren hadde også ein sterkt appell til dei mange frammøtte om å støtta godt opp om aksjonen.

Nytt av året var små auksjonar på hummar og krabbe som skulen hadde fått av Odd Alvestad. Dette skjedde under den vanlege trekninga på slutten av basaren. I år blei det selt lodd for over 10.000 kr.